

PBL-oppgåve 5. semester
Semesterveke 12

PBL OPPGÅVE "FYLLINGSMATERIAL"

Pasient Knut på 25 år er på besøk hos din klinikk. Knut har dårleg regulert diabetes I og betydelege gingivitt problem. I tillegg har pasienten nokre allergiar. Pasienten drikk og spis uregelmessig. Han kjem til deg og klager over ising i ein tannhals. Ved undersøkinga finn du at han høgt karies aktivitet med mykje sekundær karies, samt stor karies lesjon i 43. Du eksaverar karies i 43, og ser at fyllinga som du bør leggje vil strekkje seg heilt frå mesial- til distalflata. Fyllinga vil òg liggje noko subgingivalt. Etter å ha lest igjennom gamle biomaterial førelesningar, vel du følgjande material:

Gruppe 1: Glassionomer (Fuji IX GP, GC America Inc)

Gruppe 2: Kompositt A (Filtek Z250™, 3M Espe)

Gruppe 3: Kompositt B (Filtek Supreme XT, 3M Espe)

Gruppe 4: Compomer (Dyract™, Dentsply DeTrey GmbH)

1. Grunnge ditt val, og legg særleg vekt på materiala sine positive og negative eigenskapar.
2. Leitt fram produktdatabladet til materialet. Kva trur du er funksjonen dei nemnte stoffene i materialet? (Om du ikkje kjenner til de konkrete stoffene, kom med forslag)
3. Korleis forgår stivningsreaksjonen til materialet?
4. Kvifor skrumper materialet? Er ditt materialval sensitiv for temperatur endringar i munnhola?
5. Det er mistanke om at pasienten reagerer allergisk mot materialet, Korleis ville du gå fram for å finne ut meir om det?
6. Dersom du på grunn av allergi hos pasienten ikkje ville bruke dette materialet, kva slags materialar er da aktuelle for klasse III og V?
7. Kva er farebetegnelsen for fyllingsmaterialet og kva betyr desse (sjå merking på pakninga eller datablad til produktet)?

Ranger dei ulike fyllingsmateriala i forhold til elastisitetsmodul (E-Modul), trykkstyrke (compressive strength), estetikk og slitasjestyrke (wear resistance).

Merknad: Datablad til alle dentale biomaterialar kan lastast ned frå følgjande lenke: <http://www.dentalprodukttabas.odont.umu.se/> Om du ikkje finn all info her, bruk andre kjelder.